

Til: Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo

Oslo 22 februar 2007

Fra: Ungdom mot EU
Arbeidersamfunnets plass 1
0181 Oslo

Høyringsfråsegn om Tenestedirektivet

Me syner til høyringsbrev på NHD sine heimesider 22.12.06. Ungdom mot EU er ikkje førte opp på lista over høyringsinstansar, men NHD oppfordrar i sitt høyringsbrev til ein brei debatt om tenestedirektivet, og Ungdom mot EU ynskjer difor å koma med følgande innspel til den vidare handsaminga av direktivet.

Tenestedirektivet tek sikte på å auka den internasjonale konkurransen i tenestesektoren. Over 70% av arbeidsplassane i Noreg og EU er i denne sektoren. Difor vil direktivet kunne påverka arbeidsvilkåra til mange menneske. Det opphavlege direktivet som blei lagt fram av EU-kommisjonær Bolkenstein i 2004 har vore gjennom mange språklege endringar fram til det endelege vedtaket i desember 2006.

Direktivet er no ferdig handsama i EU-systemet, og EU-landa må difor innføra direktivet. Sidan direktivet er ein del av det felles regelverket for den indre marknaden er direktivet ein del av EØS-avtalen. I utgangspunktet må Noreg innføra direktivet, men det er viktig å peika på at det i EØS-avtala ligg ein reservasjonsrett. Denne gjev høve til å ikkje innføra direktivet.

Eit av mange viktige spørsmål i debatten rundt tenestedirektivet er korleis direktivet vil påverka løns- og arbeidsvilkåra til ungdom og andre arbeidstakarar. Direktivet legg til rette for friast muleg flyt av tenester over landegrensene i EU og EØS-området. Lønene og arbeidsvilkåra varierer sterkt frå land til land i området. Det er ein stor fare for at fri flyt over grensene vil føra til sosial dumping. Sosial dumping er allereie i dag eit stort problem for det norske samfunnet. Ungdom mot EU er glade for at regjeringa har lagt fram ei tiltakspakke mot sosial dumping.

I det opphavlege direktivet var det formulert eit opphavlandsprinsipp, som slo fast at lønene skulle fylja reglane frå det landet bedrifta var etablert i, ikkje det landet arbeidet blei utført i. I den endelege utgåva av direktivet er sjølve omgrepet teke vekk, men det er uklart kva som er i staden. Noko vertslandsprinsipp er slett ikkje slått fast. I staden er det slått fast et prinsipp om "fri rett til utveksling av tenester". Kva innebærer eigentleg dette? Ungdom mot EU meiner at dette er noko av det i direktivet som må konsekvensuttreiast. Me frykter at det i praksis ligg tett opptil opphavlandsprinsippet, i kvart fall i praksis.

Direktivet tek sikte på å få til reelt fri flyt av den fjerde av EU sine fridommar, altså tenester. Direktivet tek utgangspunkt i det som står i EU sine traktatar rundt fri flyt, og bygg og på tidlegare dommar frå EF-domstolen i tvistesporsmål knytt til nasjonale reguleringar av tenestesektoren. Likevel går direktivet lengre enn det traktatane og tidlegare EU-rett gjer. Domstolen har tidlegare latt landa praktisera reguleringar knytt til ei lang rekke omsyn, som til dømes sosialpolitiske omsyn, forbrukarvern, vern av arbeidstakarar, forhindra svindel, vern av miljøet og bymiljøet, planlegging, kulturpolitiske omsyn, veterinærpolitikk, forhindra svindel og langt fleire¹. Med

¹ Jamfør EU-kommisjonens "Guide to the Case Law of the European Court of Justice on article 49 et seq EC treaty" frå 2001

direktivet blir berre fire omsyn lov å ta, det er public policy, vern av helse, miljø og offentlig tryggleik. I tillegg må dei nasjonale reguleringane vera ikkje-diskriminerande, proposjonale og naudsynte. EF-domstolen, og for Noreg sin del EFTA-domstolen skal tolka om ulike nasjonale reguleringar er innanfor desse krava. Det er umuleg å avklara i detalj kva som ligg i direktivet sine formuleringar før direktivet har virka nokon år, og det er kome nokre dommar frå EF-domstolen. Det talar for at Noreg bør drøya ratifiseringa av direktivet lengst muleg.

Ikkje nok med at Tenestedirektivet vil gjera det vanskelegare å regulera tenestesektoren. Direktivet vil og gjera det vanskelegare å handheva dei reguleringane det trass alt er lov å ha. Artikkel 16 –2 i direktivet er sentral i denne samanhengen. Her blir ei rekke kontrolltiltak forbode. Det ser ut til at mange av desse forboda kan råka dei gode tiltaka den raud-grøne regjeringa har sett i verk mot sosial dumping. Det gjeld ILO-konvensjon 94 om offentlege byggeprosjekt, krav om ID-kort på byggeplassar, anti-kontraktørreglar, solidaransvar og innsynsretten. Før ein tek stilling til Tenestedirektivet må det avklarast i kva grad direktivet vil hindra kontrolltiltaka mot sosial dumping.

Det blir argumentert med at ein gjennom allmenngjering av tariffavtalane kan hindra sosial dumping. Problemet med denne løysinga er at det undregrev tariffavtalane og i praksis kan fungera litt som ei minstelønsordning. Å innføra minsteløn vil kunne auka gruppa av "Arbeidande fattige", og undergrava tariffavtalane og fagorganiseringa. Allmenngjering av tariffavtar er eit tveegga sverd i kampen mot dårlege løns og arbeidsvilkår. Det kan vera bra og nyttig i mange situasjonar, men på lang sikt kan det ha negative verknadar.

Eit spørsmål som i alt for liten grad har vore oppe i debatten om direktivet, er korleis direktivet vil påverka lærlingeordninga. Når norske bedrifter må konkurrera med utanlandske bedrifter om oppdraga, kan dei komma til å sjå på lærlingar og utdanning av faglært arbeidskraft som ei ekstrakostnad. Lærlingeplassar har det alltid vore mangel på, men det kan bli færre med tenestedirektivet. Kan norske styresmakter stilla krav til utanlandske tenesteytarar-bedrifter om at dei tek inn lærlingar på oppdrag i Noreg? Om ikkje, vil det at ein aukande del av oppdraga går til utanlandske bedrifter heilt klart vera med på å undergrava lærlingeordninga. Dette må regjeringa avklara før ein tek stilling til Tenestedirektivet.

Argumentasjonen for Tenestedirektivet har i stor grad kretsa rundt at meir internasjonal handel med tenester vil føra til meir vekst og styrka konkurranseevna til den europeiske økonomien. Me vil peika på kor lite konkret denne argumentasjonen er, og kor blind tru på marknadskreftene han er basert på. Ungdom mot EU vil ikkje avvisa at det ut frå teoretiske modellar er muleg å argumentera for at dette kan bli effekten, men me etterspør meir konkrete argument for direktivet. Med alle dei mulege negative effektane direktivet kan ha for arbeidsvilkår, offentlig sektor og lærlingeplassar må dei mulege gevinstane vera meir enn lause ord for å ta sjansen på å vedta direktivet. Og om direktivet skulle føra til litt større økonomisk vekst, er det verdt prisen i form av meir sosial dumping?

Ungdom mot EU er mot Tenestedirektivet. Me frykter at direktivet vil føra til meir sosial dumping, både fordi reguleringane blir færre, og fordi det blir vanskelegare å handheva dei. I tillegg vil direktivet etter alt å dømme føra til færre lærlingeplassar. I kva grad direktivet vil ha negative verknadar for offentlege tenester er uklart, men faren er der. Så sant regjeringa ikkje kan visa at direktivet ikkje vil ha desse negative verknadane, meiner me at reservasjonsretten bør brukast. I fyrste omgang må det til ei grundig konsekvensutreiing, som kan avklara kva verknadar tenestedirektivet vil ha.

Det er avgjerande at konsekvensutreiinga blir gjort av ei breidt samansett gruppe, kor det sitt folk med ulike syn på Tenestedirektivet. Noreg har i fylje EØS-avtalen tri år på seg til å ta stilling til direktivet, og det er difor ingen grunn til å skynda seg med handsaminga. Jo lengre tid det går, jo meir veit ein om kva positive eller negative verknadar direktivet har i dei landa det er innført.